

Til
Naboar/rettshavarar
Offentleg mynde
Lag og organisasjonar

Stord, 7. april 2017

DETALJREGULERINGSPLAN FOR OMLEGGING AV FV 48 LØFALLSTRAND TIL KOTE 70, KVINNHERAD KOMMUNE

Melding om oppstart

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering for omlegging av Fylkesveg 48 til kote 70 ved Løfallstrand i Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommune er forslagsstillar, og Multiconsult ASA er utførande konsulent. Den aktuelle strekninga er om lag 4,5 km lang, og planområdet har eit areal på om lag 843 daa.

Planområdet

Størsteparten av planområdet ligg i gjeldande kommunedelplan inne som hovudveg- framtidig, med bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova. Etter at kommunedelplanen vart vedtatt, har det kome nye krav til dimensjonering av veg. Den nye vegen vert prosjektert i samsvar med dimensjoneringsklasse H2 og dei krav det inneber i normal for Veg- og gateutforming (Handbok N100, Statens Vegvesen). Planområdet det no vert meldt oppstart for omfattar difor eit noko større område enn kommunedelplanen.

I begge endar av vegstrekninga vert det nye kryssløysningar for påkopling til eksisterande veg. Endelege løysingar for kryss og skråningsutslag er ikkje fastsett, og plangrensa er soleis utvida for å opne for ulike alternativ. I det endelege planforslaget vert plangrensa justert basert på linjeføring og kryssløysingar. Ytterkantane av planområdet er i gjeldande kommuneplan avsett som LNF- område.

Føremål med planarbeidet

Føremålet med planen er å leggja til rette for omlegging av Fylkesveg 48 forbi Løfallstrand. Som følgje av flytting av ferjeleie frå Løfallstrand til Årsnes i 2010, vart det sett vilkår om utbetring av Fylkesveg 48 frå Løfallstrand til Årsnes som del av utbygginga. Det vart i den samanheng utarbeidd ein kommunedelplan for å vurdere ulike traséalternativ (planID 20120025, vedteken i 2014). Valet falt på omlegging av eksisterande veg utanfor eksisterande busetnad, på kote 70. Dette alternativet gjer at ein kan leggje til rette for auka trafikktryggleik for både køyrande og for mjuke trafikantar, og betre butilhøve for eksisterande busetnad. I føresegna til kommunedelplanen for området er det sett krav til detaljregulering, og kva denne skal innehalde.

Vurdering av planarbeidet

I samband med utarbeiding av kommunedelplanen frå 2014 vart det utarbeidd planprogram med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Kvinnherad kommune har vurdert det slik at utgreiingane som då vart gjort, gjer at ny detaljregulering ikkje utløyser krav om planprogram med konsekvensutgreiing i samsvar med konsekvensforskrifta. Relevante fagtema vil likevel verta skildra i planomtalen.

Relevante fagtema omfattar blant anna:

Landskap

- Fjernverknad

Skredfare og rassikring

Støy

Trafikktryggleik

Naturmiljø

- Naturtypar
- Naturmangfald

Friluftsliv

- Friluftsområde
- Turstiar

Landbruk

- Jordbruk
- Viltområde

Kulturmiljø og kulturminne

Innspel

Innspel og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Multiconsult ASA

v/Øyvind Skaar

Kunnskapshuset, Sæ 132

5417 Stord

Eller elektronisk til:

oyvind.skaar@multiconsult.no

Oppstart av detaljreguleringa vert kunngjort på Kvinnherad kommune sine nettsider, og på www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer. Her finn ein òg meir detaljerte kart.

Frist for merknadar er sett til: **31.05.2017**

Vidare saksgang

Etter at innspelsfristen er ute, vil Multiconsult ASA utarbeida planframlegg som inneheld planomtale inkludert ROS-analyse, plankart og føresegner. Det vil verta viktig å oppretthalde tett dialog med Statens Vegvesen, og andre aktuelle aktørar. Planframlegget vil bli handsama av Kvinnherad kommune ved politisk utval, som vedtek utlegging til offentleg ettersyn. Det vil då òg bli høve til å koma med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing
Multiconsult



Arealplanleggar Øyvind Skaar
Areal og utredning

Vedlegg:

1. Planavgrensing
2. Oversiktskart
3. Adresseliste